

**Steinar Myklebust har sendt ein merknad til kommunen i samband med takseringa for eigedomsskatt.**

**Han skriv mellom anna om 8 hytter på 11 kvadratmeter at det er så lite å tena på dei at dei må kvitte seg med hyttene hvis det blir skatt på dei.**

Om 7 andre hytter, som har eit nettoareal på 20 kvadratmeter, skriv han at han ikkje har hatt overskot på dei på 10 år.

- Før det blir eigedomsskatt bør reguleringsplan vera godkjent og byggjeforbodet opphevast, skriv Myklebust.

Elles har det no kome ein søknad til om byggjing av spikertelt på Rabben, Det er Kåre Tellesvik på Voss som er søkjar og han vil oppføre eit spikertelt på 3 ganger 5 meter ved campingvogna si.

Teltet skal oppførast av tre, ha mønt tak og ein takvinkel på 11 grader. Rabben Feriesenter har gjeve samtykke til oppføringa.